



Notat

Til:

Kopi til: Lønn, rekneskap, personal, HMT-rådgjevar og informasjon

Saksbehandler: Rådmannen/Hogne Haugsdal

Vår referanse: 15/1753 - 1 /

Dato: 29.04.2015

Informasjon til tilsette i reinhald og eigedom

Organisasjonsendring: Reinhald blir ei avdeling i eining for eigedom frå 1. mai 2015

Frå 1. mai 2015 blir reinhald ei avdeling i eining for eigedom. Fram til no har reinhald vore ei eiga eining. Bakgrunn for endringa ligg i utviklingsprogrammet Lindås 2019. I dette programmet skal kommunen ha fokus på å utvikle meir effektive og smartare arbeidsprosessar, som sikrar best mulig utnytting av dei ressursane kommunen har. Det betyr at kommunen må vurdere korleis dei ulike fagområda i kommunen er organisert og korleis dei jobbar saman på best mulig måte.

Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg er eitt av fokusområda til kommunen, og det blir jobba med ein vedlikehaldsstrategi som skal sikre ein heilskapleg og langsiktig plan for vedlikehaldet. Eit sentralt element i strategien vil vere å samordne alle fagområder og ressursar som har med drift og vedlikehald av kommunale bygg. Det vil gjelde spesielt eigedom og reinhald som fram til 1. mai har vore separate einingar. Målet med organisasjonsendringa er derfor å utnytte dei totale ressursane som jobbar med drift og vedlikehald av kommunale bygg på best mulig måte.

Det blir lagt opp til at reinhald blir ei avdeling i eigedomseininga. Einingsleiar for reinhald, Ronny Hoff, blir avdelingsleiar i eigedomseininga og skal rapportere til einingsleiar Therese Urdahl Braseth. Det blir ingen praktiske endringar for dei tilsette i samband med endringa. Det blir ikkje gjort endringar på budsjetterapportering og oppfølging for 2015. Reinhald skal rapportere på det som ligg i budsjettet for inneverande år.

Organisasjonsendringa blei drøfta i HTV-møte 13. april, i tillegg har det vore lokale drøftingsmøte i reinhald og eigedom. I den nye organisasjonen på eigedom blir det to verneområde, kor reinhald blir eit eige driftsområde for eitt av verneomboda.

Organisasjonsendringa skjer frå 1. mai 2015.

Mvh

Hogne Haugsdal

Ass. rådmann

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 32 20 00
Telefaks +47 56 32 20 03

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 123456789

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

